



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/527 - 17/9001

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
06.07.2017

Delingssak gbnr 29/10 Vågenes øvre - ny grunneigedom for heilårsbustad - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggegrense mot sjø - stadfesting av mottak av klage og avgjerd om utsett iverksetting

Kommunen stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 05.07.17.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Det vert med dette varsla etter forvaltningslova § 11 a om at sakshandsamingstiden vert lengre grunna sumarferie i politiske organ.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen vert handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 13.09.17. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på Radøy kommune si heimeside www.radoy.kommune.no.

Handsaminga i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av Hovudutvalet vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland og det vert opnemnd setjefylkesmann for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

Det er ikkje fremja oppmoding om utsett iverksetting. Kommunen skal likevel ta stilling til spørsmålet om utsett verksetting.

Utgangspunktet er at vedtak i delingssak kan setjast i verk straks dei er vedtatt og underretta til partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg vurdering, basert på ein førebels vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154.

Bakgrunnen for regelen om utsett iverksetting, er omsynet til rettstryggleiken, ved at den kan hindre at gjennomføringa av vedtaket fører til uoppretteleg skade eller tap, anten for byggherre eller nabo. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

Det er kommunen si vurdering at det er lite tenleg for søkjer at eit delingsvedtak vert effektivt gjennom oppmålingsforretning før det er avklart om klage over vedtak kan føre frem. Det er høge kostnader med knytt til oppmålingsforretning og oppretting av eigedomen. I tillegg vil eigedomen straks den er oppretta vere fritt omsetjeleg. Av omsynet til eventuell tredjepeson i god tru er det difor ikkje tenleg å opprette eigedomar før klag er avgjort.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Klageinstansen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jodis Villanger	Vågenesvegen 162	5936	MANGER
Tore Vågenes	Vågenesvegen 176	5936	MANGER
Tormod Vågenes	Løypetona 29	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN